

Kokarsteinen

Turen startar ved Kokarsteinen, som står like ved Dyrkorntunnelen langs fylkesveg 650.

Området er mykje brukt som rasteplass for folk på reisefot.

Her kan ein ta seg ei pause ved dei mange benkane, og i sommarhalvåret er Kokarsteinen kiosk open.

Her går også ein bratt sti ned til sjøen der ein kan prøve fiskelukka.

Turen går langs den gamle bilvegen frå før Dyrkorntunnelen vart opna i 2003.

Den originale Kokarsteinen måtte fjernast då det vart bygd ny veg fordi den var så stor at den stakk ut i vegbana. Steinen som står her i dag er berre ein bit av den originale, og er sett opp som eit minne.

Turruta går på asfalt og er fin både til fots, med barnevogn, motorisert rullestol og sykkel.

Etter ca. 500 meter finn du ein benk ved eit flott utkikspunkt.

Det er ein del skog langs vegen som tidvis hindrar deg i å nyte utsikta, men det er likevel ein flott tur der du får godt utsyn over Storfjorden og mellom anna fjellgardane på Skotet.

Du kan følgje vegen heilt til andre enden av Dyrkorntunnelen.

På tilbakevegen vil det vere lett stigning.

Tur-retur er ruta på om lag 3,5 kilometer.

Parkering og buss

Ein kan parkere ved Kokarsteinen kiosk like ved Dyrkorntunnelen på fylkesveg 650.

For bussruter til Dyrkorn sjå frammr.no eller ring 177.

Turtips:

www.friluftsradet.no

www.morotur.no

www.godtur.no

Turkorta til friluftsrådet kan lastast ned som pdf-filer frå www.friluftsradet.no

Utgitt med støtte frå:

- Friluftsrådenes Landsforbund
- Møre og Romsdal fylkeskommune



Layout/trykk: Jons Kontor AS

Kokarsteinen

Kokarsteinen, som i gamle dagar skulle gi ly for farande mellom Dyrkorn og Vaksvik, er utgangspunkt for denne turen. Dette er ei rute som passsar dei fleste og byr på vakker utsikt.



Turveg - gul



Parkering



Rullestol



Barnevogn



Sykkel



Rasteplass



Utkikspunkt



Fiske



Snu



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Sunnmøre friluftsråd



Stordal
kommune

TURKORT!

Turkort er ein serie minifaldarar om gode turmål gitt ut av Sunnmøre friluftsråd. Dette turkortet er trykt i 2017.



Sunnmøre friluftsråd



Kokarsteinen

